

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr. 2008/1953	Doknr. 34
24 OKT 2011	
LP/SR	011.2



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200801953	17.10.2011	56990/2011/026	Johnny Loen, 71 25 82 88	19.10.2011

## Avvikling av ordningen med områdestyre - fråsegn ved høyring

Landbruks- og matdepartementet har under evaluering heile ordninga for reindriftsforvaltning.

Evaluering viser at det etterkvart er behov for eit sterkare skilje mellom næring og forvaltning. I den samanheng er det reist forslag om å avvikle områdestyra, som for ein stor del har representantar for næringa. Kontroll og godkjenningssoppgåver, inkludert motsegnrett i arealplansaker, er foreslått overført til fylkesmennene, medan andre oppgåver områdestyra har hatt i større grad vert ivaretekne av andre kollegiale organ innan næring. Prosessen kan på mange måtar samanliknast med avviklinga av fylkeslandbruksstyra.

For Møre og Romsdal fylke vil saka konkret gjelde tamreinområda i tre kommunar i Trollheimsområdet, og det må vere rett å medgi at tamreinforvaltninga berre i avgrensa grad har vore på dagsorden i fylkeskommunale organ. Dette kan ein seie seg lei for.

Vi har elles ikkje vesentlege merknader til forslaget.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik  
Fylkesrådmann

Ole Helge Haugen  
Fylkesplansjef

Kopi:  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal,  
her